

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
073/23	Formannskapet	PS	06.09.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/2442

Andre saker/spørsmål

Formannskapet - 073/23

FS - behandling:

Ragnar Tyssebotn, FRP, hadde slikt spørsmål i sak om knuseverket i Mjeldalen: Det som foregår i Mjeldalen er så alvorleg at det må stoppast. Kan Kommunedirektøren informere heradsstyret i kommande møte?

Kommunedirektøren ga slikt svar: Heradsstyret vert orientert om status i saka i førstkommande heradsstyret.

Hjalti H. Gislason, H, sitt spørsmål om FS 059/23, Landbrukskontoret, vert svart ut av kommunedirektøren under kommunedirektøren sin orientering i starten av møte. Gislason ønskjer likevel at dette vert gitt som ein referatsak i heradsstyret.

Hjalti H. Gislason, H, hadde slik sak: I FS sak 054/21 "sal av hetlevikhuset". Eg ber om at denne saka kjem til formannskapet så snart som mogleg.

Kommunedirektøren ga slikt svar: Saka kjem direkte til heradsstyret i kommande møte. Dette pga saka allereie har vore i formannskapet.

FS - vedtak:

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

Saksopplysningar: